

## Møtereferat

Dato: 21.11.2017

Emne:	<b>Møtereferat frå oppstartsmøte med konsulent 21. november 2017</b>	
Til stades:	Håkon Rasmussen John Martin Jacobsen Lovise Vestbøstad Odd Ivar Øvregård Anbjørn Høivik Helge Hopen Matti Torgersen	
Forfall:	Sak: 2016/943-27	
Møtetid:	21. november 2017 kl 12.00-14.00	Møtestad: Fylkesbygget

**Møteleiar: Håkon Rasmussen**

**Referent: Matti Torgersen**

Møtet var eit oppstartsmøte med fylkeskommunen, kommunane og konsulent på administrativt nivå for interkommunal plan på kommunedelplannivå for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Hordaland fylkeskommune er tiltakshavar for planarbeidet. Siv. Ing Helge Hopen AS med underleverandørane Multiconsult as, Strategisk ruteplan AS og ABO Plan og Arkitektur fekk oppdraget etter ein minikonkurranse på samferdselsavdelinga i HFK si rammeavtale med konsulentmiljø.

Det er dei to kommunane som har ansvar for å vedta planen, mens HFK fremjar den og er høyringspart.

Både frå Stord og Kvinnherad kommunar blir det framheva at det er stort fokus og vilje til å få til ei innkorting av sambandet mellom dei to kommunane. Nye moment i saka er at kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland er endeleg avklart, og at statleg plan for E39 vidare nordover er komen langt. Dette gir ei avklaring av trase for framtidig E39. Vidare vil ein ny ferjeavløysingsordning der også innkorting av ferjesamband kan gje grunnlag for ferjeavløysingsmidlar tre i kraft frå 2018. Det vart konkludert at det er eit stort gjennomføringsfokus på prosjektet, altså at det er stort fokus på planframdrift, og at det skal planleggjast eit samband som er økonomisk berekraftig og som let seg realisere.

Tilhøvet til Kvinnheradspakka vart drøfta. Pakka blir delvis finansiert gjennom bompenger på ferjene, under dette Skjersholmane- Ranavik. Eit sentralt prosjekt i Kvinnheradspakka er Toftebrekka på Halsnøy, det det skal setjast i gang grunnboringar. HFK tek kontakt med SVV for å høyre om status for dette. Prosjekta i Kvinnheradspakka vert lagt som premiss for vidare arbeid med ferjesambandet..

HFK sender brev til Statens Vegvesen om at arbeidet er sett i gang, og at det er behov for å koordinere dette prosjektet med prosjektet E39 Stord-Os. Helge Hopen tek kontakt med Signe Eikenes i E39-prosjektet for å drøfte grenseflatar.

Det blir lagt vekt på å få alle moglege alternativ for ferjesambandet med i silingsfasen. Det vert siling i to rundar. Etter planen skal første silingsrunde avsluttast medio januar, og andre runde i løpet av februar. Det er lagt opp til at planprogrammet med siling vert sendt på høyring i april 2018.

Det blir kalla inn til ein idedugnad på Leirvik 15 desember kl. 9.00- 12.00. Kommunane tek stilling til kven som skal vere med. I tillegg vert Statens Vegvesen og Skyss inviterte. Tema vert moglege ferjestø, tilførselsvegar og silingskriterium. Konsulent utarbeidar opplegg og leiar idedugnaden. Som ei førebuing av idedugnaden, skal HFK få ut ein nettside der publikum får høve til å kome med framlegg om lokalisering av ferjestø. Det er viktig at alle moglege ferjestø som vert drøfta, vert teke med inn i første silingsrunde.

Det er oppretta ei politisk referansegruppe for prosjektet med to representantar frå fylkeskommunen og tre frå kvar av dei tre kommunane. Det er kalla inn til første møte 30 november i Husnes. På dette møtet vert det teke sikte på å forankre prosessen i det politiske miljøet. Leiar av referansegruppa, utvalsleiar Jon Askeland, og dei to ordførarane blir bedne om å orientere om deira synspunkt inn i prosessen. Vidare vil konsulent orientere om arbeidet.

Det blir oppretta ei administrativ plangruppe med dei to kommunane, HFK, SVV og Skyss for å følgje prosessen. Første møte vert i midten av januar i samband med første silingsrunde.